

Protokoll frå regionstyremøte

Dato 24.- 25. november 2018
Møte nr. 5/ 2018
Stad Scandic Nordfjord Hotel, Nordfjordeid

Til stades

Frå regionstyret Nils-Gunnar Solli, Knut Johan Mikkelsen, Gry Sissel Sagen,
Kirsten Tamara Lien Nøtseth, Kari Røsberg Klokseth,
Caroline Bjørge, Elin Beate Samuelsen

Forfall

Frå administrasjonen Kjell Atle Orø

Godkjenning

Innkalling godkjent.
Dagsorden godkjent.

Vedtaksaker

28/2018 **Strategiplan for NMF Nordvest i perioden 2019 - 2023**
Første gangs drøfting, med tanke på sak til regiontinget i april 2019
Vedtak:
1. Regionstyret tek administrasjonens utgreiing til orientering, og legg dette til grunn for behandling i neste styremøte med tanke på sak til regiontinget i april 2019.
2. Regionstyret vil i 2019 prioritere planutkastet sine punkt 3.3.2 og 3.3.3 som gjeld rekruttering, inkludering og medlemservice.

29/2018 **Budsjett 2019 - Budsjettføresetnader**
Til styremøtet hadde administrasjonen ikkje tilstrekkeleg grunnlagsmateriale avklart tidsnok til å kunne legge fram eit fullstendig, detaljert budsjettforslag.
Regionstyreleiaren la fram forslag om at regionstyret vedtek hovudrammene for driftsbudsjettet i 2019 og at styreleiaren i, i samarbeid med dagleg leiar, får fullmakt til å utarbeide detaljbudsjettet.

Vedtak:
1. Regionstyret legg til grunn følgjande hovudrammer for budsjett 2019:
Driftsinntekter Kr. 3 980'
Driftskostnader Kr. 3 800'
Driftsresultat Kr. 180'
2. Regionstyret gir fullmakt til styreleiar, i samarbeid med dagleg leiar, å utarbeide eit detaljbudsjett innan medio januar 2019.



- 30/2018-B Behov for ekstra personalressurs / Finansiering av engasjement av medarbeidar i første kvartal 2019 (B-sak, eigen protokoll)
- 31/2018 Evaluering av årets aktivitetsplan, med vekt på jubileumsaktivitetane
Vedtak:
 Regionstyret tek administrasjonens orientering til etterretning.
- 32/2018 Økonomistatus for 2018
Vedtak:
 Regionstyret tek administrasjonens utgreiing til orientering, men ber om at det blir utarbeidd ein prognose for året 2018 som sendes styret.
- 33/2018 Oppdatering av aktivitetsplan
Vedtak:
 Aktivitetsplanen blir oppdatert i tråd med innspel gitt i møtet.
- 34/2018 Representasjonsoppdrag, - t.d. eigne arrangement eller invitasjonar frå medlemskorps (jubileumsarrangement, tildeling av utmerkingar o.l.)
Vedtak:
 Regionstyret tek administrasjonens gjennomgang til orientering.
 Regionstyret vil vere representert på desse arrangementa / tiltaka:

Dato	Arrangement	Sted	Representant
16.-17. mars	Nordvesten Møre og Romsdal / Tomra Ørskog festivalen (skolekorps lørdag, voksenkorps søndag)	ID-huset, Brattvåg	Nils-Gunnar Caroline
23. mars	Nordvesten Sogn og Fjordane (Operahuset og Eid Idrettshus)	Nordfjordeid	Knut Gry Sissel
6.-7. april	Midtnorsk Mesterskap i Drill - med NM kvalifisering	Etter utlysing	Dagleg leiar, ev. styreleiaren

- 35/2018 Oppfølging av sak(er) oversendt nasjonalt nivå (Forbundsstyret / gen.sekr.)
 Saka blei ikkje behandla. Tas opp på neste styremøte.



36/2018 Regionting 2019 - Val av møtestad, innkalling, invitasjonar og arbeidet med program og saker

Vedtak:

- 1) Regiontinget for NMF Nordvest 2019 blir lagt til Skei (Jølster), alternativt Nordfjordeid i Sogn og Fjordane. Regiontinget blir halde søndag 28. april 2019, jf. vedteken aktivitetsplan.
- 2) I tilknytning til regiontinget blir det arrangert Nordvestkonferanse laurdag 27. april 2019 med tema korpsbygging og korpsdrift. Hovudmålgruppa er styrerepresentantar.
- 3) Påmeldingsfristen for deltaking på både regiontinget og Nordvestkonferansen vert sett til søndag 17. mars 2019.
- 4) Frist for medlemmane til å sende inn saker som skal behandlast på regiontinget vert sett til søndag 17. mars (jf. vedtektene § 6.2.c).
- 5) Alle medlemskorps i NMF Nordvest betaler kr 1 600,- til finansiering (reisefordeling m.v.) av regiontinget. Jf. vedtak på regiontinget i april 2017, sak 4.2. Dette beløpet dekker alle reise- og opphaldsutgifter for inntil 2 delegatar frå kvart medlemskorps. Bruk av privat bil blir dekt med kr 2,50/km. For deltaking på Nordvestkonferansen betales i tillegg kr 500,- pr. deltakar. Dei som eventuelt deltek berre på Nordvestkonferansen betaler alle faktiske reise- og opphaldsutgifter i tillegg til konferanseavgifta på kr 500,- pr. deltakar.

Orienteringssaker

Saksnr. Sakstittel

37/2018


Orienteringssaker

- 37.1 Informasjon frå NMF Nasjonalt
Orientering om pågåande arbeid i forbindelse med korpsbygging og formålsrealisering.
- 37.2 Informasjon frå regionkontoret
- Personellsituasjonen
- Diverse statistikk knytt til statusen til dei største korpsa i regionen
- 37.3 Informasjon frå styreleiar
- Informasjon frå nasjonalt leiarmøte i okt. d.å., med spesiell vekt på rapportering / tilbakemeldingar som gjeld jubileumsåret 2018
- Manglande budsjettgrunnlag frå sentralt nivå for 2019
- Om invitasjonar frå nasjonalt nivå til regionnivået

Vedtak:

Informasjonen i pkt. 37.1-37.3 tas til orientering.

Nordfjordeid, 25. nov. 2018 / Molde, 14.12.2018


Nils-Gunnar Solli
styreleiar


Kjell Atle Orø
dagleg leiar

